

A photograph of a man with a long, grey beard and hair, wearing a white shirt and a dark vest, playing a violin. He is looking down at the instrument with a focused expression. The background is dark with a diagonal light grey stripe.

ÅRSMELDING

2010

FolkOrg

- organisasjon for folkemusikk og folkedans

FOLKORG

- organisasjon for folkemusikk og folkedans

Formgjeving: Eivind Kaasin / FolkOrg

Foto fram- og bakside: Eivind Kaasin

Postadresse:

FolkOrg

Postboks 4613 Sofienberg

0506 Oslo

Besøksadresse:

Vis à vis Herslebs gate 2c.

Nett: www.folkemusikk.no

E-post: post@folkemusikk.no

TLF: 22 00 56 22

- 4** *Om FolkOrg*
- 6** *Kulturpolitisk arbeid*
- 8** *Informasjon*
- 14** *Formidling - utøvar og arena*
- 26** *Tradisjon og opplæring*
- 28** *Organisasjon*

Innleiing

Denne årsmeldinga er skriva med direkte utgangspunkt i det vedtekne arbeidsprogrammet. Arbeidsprogrammet er sett inn i årsmeldinga, og til kvart delområde er det gjort greie for korleis arbeidsprogrammet er gjennomført.

Innleiingsvis har årsmeldinga ein organisatorisk og ein administrativ del som ikkje er knytt til eit spesielt delområde i arbeidsprogrammet.

Arbeidsåret har vore prega av prosessen med å etablere den nye organisasjonen. To organisasjonar har slutta seg saman, og mykje arbeid har gått med til å etablere rutinar og liknande. Det har også vore store endringar i administrasjonen, der fleire har slutta og mangeårig leiar i LFS Magnar Sundt gjekk bort tidleg i meldingsåret. Nye folk har kome inn, og desse treng tid til å kome inn i organisasjonen og oppgåvene.

Dette har ført til at enkelte oppgåver har vorte nedprioriterte eller utsette.

Aktivitetane til FolkOrg har i meldingsåret vore knytt til arbeidsprogrammet. I det følgjande gjev årsmeldinga oversyn over aktivitetane i perioden. Formuleringane frå arbeidsprogrammet er teke med i tekstboks.

OM FOLKORG

Styret og arbeidsutval (AU)

Styret har i meldingsåret vore sett saman slik:

Maria Høgetveit Berg	styreleiar
Nils Øyvind Bergset	nestleiar
Åshild Vetrhus (frå 21.november Solbjørg Tveiten)	nestleiar
Solbjørg Tveiten (frå 21.november Åshild Vetrhus)	styremedlem
Aslak Opsahl Brimi	styremedlem
Sigurd Johan Heide	styremedlem
Tor Stallvik	styremedlem
Torunn Raftevold Rue	1. varamedlem
Marte Frihetsli (frå 21.november Helene Bolstad)	2. varamedlem
Dag Hovda Sture	3. varamedlem

Alle varamedlemmene har vore innkalla til alle møter.

Styret har i meldingsperioden hatt 9 møte, og det er handsama 71 saker.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore: Maria Høgetveit Berg, Nils Øyvind Bergset og Åshild Vetrhus, frå 21.november vart Åshild Vetrhus erstatta av Solbjørg Tveiten . Dagleg leiar har vore sekretær.

AU har i meldingsperioden hatt 13 møte, og 94 saker har vore handsama.

Administrasjon

Administrasjonen held til i kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar. Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	dagleg leiar	100% stilling	f.o.m. 01.august
Jorun Hagen	kontormedarbeidar	100 % stilling	
Knut Aastad Bråten	redaktør i bladet Folkemusikk	100% stilling	
Eivind Kaasin	informasjonsrådgjevar	100% stilling	
Silje Førland Erdal	rådgjevar formidling	100 % stilling	permisjon f.o.m. 23.mars
Trond Stenseth Moe	rådgjevar / prosjektleiar Folkelarm	100 % stilling	f.o.m. 15.mars
Marit Vestrum	prosjektmedarbeidar	50 % stilling	f.o.m. 22.mars
Anne Hytta	redaktør årbok, informasjonsmedarbeidar	50% stilling	f.o.m. 15.mars
Arvid Skancke-Knutsen	informasjonsmedarbeidar	100 % stilling	f.o.m 08.november

Andre tilsette i meldingsåret

Lene Furuli	konstituert dagleg leiar	100% stilling	01.januar - 31.juli
Lene Furuli	rådgjevar	60% stilling	01.august - 31.oktober
Frode Rolandsgard	informasjonsmedarbeidar	25% stilling	t.o.m. 17.november (permisjon frå juni)
Magnar Sundt	rådgjevar	100% stilling	gjekk bort 27.januar
Asgaut Høgemo Bakken	prosjektleiar Folkemusikkscena	80 % stilling	t.o.m. 12.juli
Elisabeth Vatn	prosjektleiar Folkelarm	60 % stilling	t.o.m. 01.mars



Dagleg leiar Linda Dyrnes, og styreleiar Maria Høgetveit Berg. Foto | Eivind Kaasin

Medlemsskap / medlemslag

Medlemstal

FolkOrg hadde 4613 medlemmer pr. 31.12.2010. Av desse var 632 born / ungdom (t.o.m 18 år).

Medlemslag

Pr. 31.12.2010 hadde FolkOrg:
148 lokale medlemslag
10 fylkes- /regionlag.
Ingen lag er utmelde.

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk Musikkråd
- Frivillighet Noreg
- Landskappleiken og Landsfestivalen er medlem i «Norske Festivalar»

FolkOrg er medstiftar i:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Haukeliseterfestivalen

- Etnisk Musikkklubb
- Musikkutstysordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonalfolkemusikk, joik og folkedans

Årsmøtet 2010

Årsmøtet i 2010 vart halde i Bergen 19.-21.november på Grand Hotell Terminus. 87 røysteføre medlemmer var til stades i tillegg til 7 frå administrasjonen og gjester. Årsmøtet vart innleia med eit seminar der "Framtida for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen" var tema. Seminaret var delt inn i tre delar:

- Norsk folkemusikk eller folkemusikk i Noreg
- Fokus på gammaldansen
- Yrkesutøvarar og lokallag – korleis skal Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen arbeide til beste for begge grupper?

Økonomi og rekneskap

Rekneskapan for 2010 ligg ved årsmeldinga.

KULTURPOLITISK ARBEID

KULTURPOLITISK ARBEID

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i

Noreg vil styrke folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å prioritere:

- *deltaking i det offentlege ordsiftet om aktuelle saker for sjangeren*
- *samarbeid med andre aktørar og organisasjonar på musikk- og dansefeltet, og innanfor sjangeren spesielt*
- *oppfølging av Noreg si ratifisering av UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv*
- *å utarbeide ein strategi for folkedansen og folkedansarane sin posisjon i organisasjonen*
- *eit større folkedansprosjekt for å vitalisere den lokale danseaktiviteten og løfte fram dei utøvande folkedansarane*

Offentleg ordskifte

FolkOrg har i løpet av året vore aktiv i det offentlege ordskiftet gjennom kanalar som NRK radio, bladet Folkemusikk, nettavisa Ballade, ei rekke lokal- og regionaviser, samt folkemusikk.no. Ei av sakene det har vore fokus på er gammaldansen og FolkOrg si satsing på denne.

FolkOrg har i løpet av meldingsåret samarbeidd tett med Samstemt! om kulturpolitiske saker. Ei av Samstemt! sine hovudprioriteringar i år har vore å auke løyvingane til arrangørstøtteordninga hjå Norsk kulturråd. Arrangørstøtta vart til slutt auka med 5 millionar og er no på 17 millionar.

FolkOrg har også vore aktiv i høve Riksscenen sin økonomiske situasjon. I lag med fleire av stiftarane har FolkOrg arbeid for at Riksscenen skal få trygge økonomiske rammer.

FolkOrg har delteke på seminar om Unesco-konvensjonen om immateriell kulturarv i regi av RFF-senteret. Rapporten om immateriell kulturarv kom først i desember.

Arbeidet med folkedans

Arbeidsgruppe

Det vart i vår sett ned ei eiga arbeidsgruppe som skulle levere ei utgreiing om strategien for folkedansen i organisasjonen. Arbeidsgruppa var sett saman av Tora Rua Dokken, Martin Myhr, Tor Stallvik og Sigrud Johan Heide. Lene Furuli var sekretær for gruppa.

Arbeidsgruppa gjennomførte mellom anna i ei danseundersøking i meldingsåret. 29 lag svara på undersøkinga og dette danna noko av grunnlaget for arbeidsgruppa sin rapport. Arbeidsgruppa leverte rapporten til styret den 02.09. i meldingsåret, men styret har bede om at arbeidet held fram, då dei meiner at gruppa ikkje har svart fullstendig på mandatet.

Som eit resultat av konklusjonane frå rapporten vart det sendt ein søknad til Sparebankstiftelsen om prosjektet "Dansefesten". Prosjektet var eit forsøk på å blåse liv i gammaldansen, gjennom å arrangere dansefestar på ulike stader i Noreg, lage møteplassar for gammaldansmiljøet, og gje grupper høve til å få speleerfaring. Søknaden vart ikkje innvilga.

Danseutgreiing

I samarbeid med Rådet for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag har FolkOrg teke initiativ til å gjere ei utgreiing om dansefeltet. Det vart i desember sett ned ei ressursgruppe med ansvar for å utarbeide eit mandat for utgreiinga, samt følgje opp arbeidet. Representantar frå FolkOrg i ressursgruppa er Sigurd Johan Heide og Frode Rolandsgard.

INFORMASJON

INFORMASJON

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil spreie kunnskap om og forståing for folkemusikk og folkedans og informere om organisasjonen sitt arbeid ved å prioritere:

- *å arbeide for auka omtale av norsk folkemusikk og folkedans i media*
- *å drive eiga informasjonsformidling gjennom effektiv bruk av nettportalen folkemusikk.no, info til medlemmer og lag og Årbok for norsk folkemusikk*
- *relansering av eit magasin som det sentrale magasinet for folkemusikk og folkedans i Noreg (Spelemannsbladet)*
- *innsamling av informasjon og statistikk til ein dokumentasjonsbank for aktivitet og ressursar på folke- musikk- og folkedansfeltet*



Folkemusikk.no

Folkemusikk.no er ein felles nettportal for folkemusikkfeltet i Noreg, og er heimesidene til FolkOrg. Portalen vart etablert i juni 2009, og redaksjonen arbeider etter ei målsetning om at portalen skal fungere som ein samlingsstad og møteplass for alle aktørane innan folkemusikk og -dans i Noreg.

Ansvarlege for drifta av portalen har i meldingsåret vore Eivind Kaasin, Frode Rolandsgard og Arvid Skancke-Knutsen. Redaksjonen utarbeider og jobbar etter ein eigen publiseringssplan for kvar veke, og publiseringa på nettstaden har vorte delt mellom dei tilsette på informasjonsfeltet. Redaksjonen fekk i løpet av meldingsåret også ansvaret for annonsesalet på nettstaden. Dette arbeidet vart ikkje prioritert i meldingsperioden. I 2011 vil noko av dette annonsesalet gå føre seg i samarbeid med bladet Folkemusikk.

Innhald

Folkemusikk.no omtalar nytt på folkemusikkfeltet, aktuelle hendingar og plateutgjevingar. I tillegg vert det publisert praktisk informasjon generelt og frå organisasjonen spesielt. Portalen skal vere oppdatert dagleg, og det har vorte lagt vekt på å publisere eit breitt utval av stoff. Folkemusikk.no skal vere ein stad for folkemusikkmiljøet, men også for dei som ikkje kjenner til sjangeren og som ønskjer å oppdage musikken. Det siste er noko redaksjonen kjem til å satse meir på i 2011.

Redaksjonen har ønskja å styrke dekking av organisasjonen sine eigne arrangement, og har difor auka omtala av Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. Eit grep var difor å få fleire skribentar. På Landskappleiken på Voss skreiv styremedlem og utøvar Aslak O. Brimi daglege innlegg og rapportar frå kappleikslivet. På Landsfestivalen i Nordfjordeid gjorde styremedlem og utøvar Solbjørg Tveiten det same. Dette er noko som vil bli utvikla vidare i 2011.

Folkemusikk.no har i meldingsåret hatt eit godt samarbeid med bladet Folkemusikk, og har publisert eit utval av artiklane frå bladet på nett.

Frekvens og lesartal

I løpet av meldingsåret har det i snitt vorte publisert to til tre artiklar dagleg. I samband med store arrangement og hendingar på folkemusikkfeltet har aktiviteten vore høgare.

Frekvens:	2-3 saker dagleg
Totalt tal på besøkande:	681 872
Dagleg besøkande:	1 868 (i snitt)

Statistikken for nettstaden syner ein oppgang i talet på lesarar frå omlag 1500 dagleg besøkande i januar 2010 til 2250 besøkande i desember 2010.

Folkemusikk.no har i løpet av meldingsåret vore aktiv på sosiale medier på nettsamfunna Facebook og Twitter. Talet på medlemmer på folkemusikk.no si side på Facebook skreiv seg til 1600 ved årsskiftet. 15 % av trafikken til folkemusikk.no kjem frå Facebook.

Utøvar katalog

Folkemusikk.no har ein eigen utøvar katalog med oversyn over aktuelle utøvarar på feltet. Katalogen er ei vidareføring av NFD sin Norsk folkemusikkatalog. Våren 2010 gjekk ein gjennom ein del av oppslaga og oppdaterte desse. Katalogen er i dag mangelfull, og ein ser at katalogen og oppslaga fort vert utdatert. Administrasjonen har i løpet av meldingsåret arbeidd med fleire løysningar for katalogen. Ein har også vore i kontakt med Musikkinformasjonssenteret (MIC) om eit mogleg samarbeid om katalogen. I løpet av 2011 vil ein finne ei løysing på drifta av katalogen.



Folkmusic.no

Portalen vart oppretta i oktober 2009, og er ei side som i hovudsak rettar seg mot eit internasjonalt publikum. Portalen er ikkje ei omsetjing av dei norske sidene, men har heilt eigne saker. Portalen er tenkt som ein paraply for aktivitet knytt til norsk folkemusikk- og dans internasjonalt, samt viktige hendingar nasjonalt som t.d. festivalane, Folkelarm, landskappleiken osv. Ansvarleg for publisering på folkmusic.no var Silje Førland Erdal fram til ho gjekk ut i fødselspermisjon i mars. Sidan har Anne Hytta hatt det redaksjonelle ansvaret for nettstaden.

Frekvens og lesartal

Folkmusic.no har ein lågare publiseringfrekvens enn folkemusikk.no, og lesartala er lågare på dei engelske sidene. Arbeidet med å marknadsføre og synleggjere portalen hos det internasjonale publikummet har ikkje vorte prioritert i meldingsåret. Publiseringfrekvens i meldingsåret har vore 2-3 saker i veka.



foto: velour.no

BLADET

FOLKEMUSIKK

Bladet Folkemusikk er eit nytt blad, etablert i 2010 på tuftene av tidlegare Spelemannsbladet og Kvinten.

I samband med arbeidet for éin ny folkemusikkorganisasjon vart det utarbeidd ein rapport; *Framtidas folkemusikkblad – statusrapport og tilråding*. Rapporten vart handsama av dei to tidlegare organisasjonane Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag på felles styremøte 16. juni i 2009. Ei eiga arbeidsgruppe og eksterne konsulentar hjelpte til undervegs i prosessen. Det nye bladet byggjer på konklusjonane i denne rapporten. Det er FolkOrg som eig bladet. Bladet Folkemusikk er frittstående og arbeider etter Ver varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

Frå 2010 er bladet i sal gjennom Narvesen. Det er fyrste gong bladet er tilgjengeleg i laussal.

Redaksjonell profil

Hovudtrekka i den redaksjonelle satsinga:

1. spegle mangfaldet i folkemusikken i Noreg.
2. knyte til seg fleire faste kommentarskribentar og nye stemmer, ikkje berre frå folkemusikkmiljøet, men også personar utanfrå.

3. bladet har bygd opp faste spalter, seriar, fag- og temaseksjonar. Faste seksjonar er med på å gjere arbeidet effektivt for redaksjonen.
4. bladet arbeider for å halde seg oppdatert og for å vere i front når det gjeld formidlinga av folkemusikkforskninga i landet. Til slutt skal bladet:
5. utvikle fleire reportasjeseksjonar som gjev rom for betre heilskap og innsikt om aktuelle tema.

Økonomi

Folkemusikk vert gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren FolkOrg og frå Norsk kulturråd. I tillegg kjem det inntekter frå sal av abonnement og annonsar. Bladet har i 2010 også motteke stønad frå Rådet for folkemusikk og folkedans og frå Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Om lag 70 % av inntektene kjem frå sal av annonsar og abonnement, samt frå offentlege tilskot. 30 % av inntektene er økonomisk tilskott frå eigaren.

Utgjeving

Knut Aastad Bråten er tilsett som ansvarleg redaktør. Stillinga har sidan 1. januar 2010 vore ei 100 % stilling. Bladet Folkemusikk har til saman fem utgjevingar i året med eit gjennomsnittleg sidetal på 52. Den grafiske utforminga er det Lise Myhre i Millimeterpress som tek seg av.

Abonnentar

Bladet Folkemusikk er eit abonnementsblad. Per 31. desember 2010 hadde bladet Folkemusikk 1822 abonnentar. Totalt er det ein nedgang på 14 abonnentar samanlikna med fjoråret. Av abonnentane var 271 gratisabonnentar, og 1127 medlemmer av FolkOrg.

Blest

Redaktøren har arbeidd for å auke interessa og kunnskapen om både bladet og folkemusikk og folkedans generelt i andre medium, og har jamleg oppslag både i Nationen, Vårt Land, Klassekampen og NRK P2, samt i ein del lokale medium. Bladet har i tillegg hatt oppslag i Aftenposten, KULTMAG, Dagbladet, TRAD Magazine, Bergens Tidende, VG og mange fleire. Redaktøren er stadig i kontakt med dei største riksavisene om formidling av folkemusikk og folkedans.

Bladet hadde i 2010 intervju med H. M. Dronning Sonja.

Bladslepp

Bladet Folkemusikk har hatt to bladslepp i 2010, fyrst på Riksscenen 25. februar, og på Briskeby kafe på Fagernes 16. desember.

Annonсар

Frå og med 2010 er det redaktøren sjølv som sel annonsar. Bladet Folkemusikk har i 2010 auka annonseinntektene med nær 90 000 kr, frå 133 000 kr i 2009 til 220 000 kr i 2010.

Redaksjonsråd

Det er oppnemnt eit eige redaksjonsråd for Folkemusikk. Dei som sat i rådet i 2010, var:

Johanne Landsverk (journalist)
Ragnhild Holø (journalist)
Alice Gudheim (kioskeigar og frilansar)

Redaksjonsrådet sit i eitt år, frå 1. januar til 31. desember.

Redaksjonsrådet er ikkje eit skrivande råd. Primæroppgåva til rådet er å vere eit rådgjevande organ for redaktøren. Rådet har i 2010 hatt eitt møte på Fagernes.

Norsk Tidsskriftforening

Frå og med hausten 2007 er bladet medlem av Norsk Tidsskriftforening.

BILETE: Redaktør Knut Aastad Bråten. Foto: Laila Meyrick/velour.no

NY DESIGN: Bladet Folkemusikk fekk nytt namn og ny design i 2010. Her er dei tre fyrste utgåvene av bladet. Design: Lise Myhre / Millimeterpress



ÅRBOK FOR NORSK FOLKEMUSIKK

Tema for årboka i år har vore utøving og konsertering. Redaktør har vore Anne Hytta, og grafisk formgjeving har vore ved Morten Stoltz Vernegg frå *Dot Grid*. Årboka var planlagt lansert i november, men har vorte utsett til april 2011. Boka vert i år gjort tilgjengeleg for alle medlemmer i organisasjonen.

Artiklar i Årbok for norsk folkemusikk 2010:

- «Eg trur ikkje eng`lenn i himmelen syng finar` hell Lars spølå»
– eit portrett om spelemannslegenda Lars Fykerud av Knut Buen
- Tre vaksne anno 2011
– Leif Rygg, Elisabeth Kværne og Olav Sem skriv om lange liv i folkemusikkens og –dansens teneste
- Ole Bull og folkemusikkulturen
– Hvor mye har Ole Bull og hans konsertering hatt å si for konsertspelartradisjonen blant spelemenn i generasjonene som fulgte ham? Håkon Asheim
- Ein flora av skapartrong
– Kvar kjem alle komposisjonane frå? Kva slags musikk er det ein ynskjer å komponera? Kan ein læra seg å komponera, eller bør det vera ein heilt intuitiv prosess? Og kva vil det eigentleg seia å komponera? Ida Habbestad i samtale med ei rekkje sentrale folkemusikk-utøvarar
- Hardingfeleslåttar i Hallingdal
– Me vil prøva å finna ut kor mange slike låttar som har vore nytta til dansemusikk/bruksmusikk i dalen opp til vår tid, skriv Magne Myhren.
- På scena i 2010
Bilete frå konsertåret 2010. Foto: Eivind Kaasin

I tillegg til årboka for 2010, har to artiklar frå årboka i 2009 vorte selde til og publiserte på nettstaden ballade.no. Desse to artiklane var Synnøve S. Bjørset sitt intervju med Jan Petter Blom, og Per Anders Buen Garnås sin artikkel om Håvard Gibøen. Fleire av artiklane frå 2009 har også vorte publiserte på www.folkemusikk.no i løpet av meldingsåret.



Framsida av Årbok for norsk folkemusikk 2010



Baksida av Årbok for norsk folkemusikk 2010



Anna informasjonsarbeid

Lags- og medlemsinformasjon

Det vart laga og sendt ut eit medlemsskriv i samband med andre utgåve av bladet Folkemusikk. Alle medlemmer i organisasjonen fekk slik ei utgåve av bladet Folkemusikk. Medlemsbladet var på 24 sider, og inneheldt intervju, praktiske opplysningar om organisasjonen sine arrangement, informasjon om medlemsfordelar og kontaktopplysningar på styret og administrasjon.

Det har i løpet av meldingsåret også vorte sendt ut informasjon til lokallag på e-post i samband med aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar. Vi etablerer nytt medlemssystem i desse dagar, og utsending og informasjon til lag og medlemmer vil med dette systemet verte svært mykje enklare.

Lokallagssider

Landslaget for Spelemenn sin tidligare leverandør av heimesider, Spifo, bestemte seg for å avvike drifta av heimesider våren 2011. Dette fører til at fleire av lokallag har missa eller vil misse sine nettstader på sikt. FolkOrg fekk difor på plass ei svært god avtale med nettleverandøren CustomPublish sommaren 2010 om oppretting av sider for lokallaga i FolkOrg.

Avtala og sjølve systemet gjer det enkelt for lokallaga å etablere heimesider. Det har i meldingsåret vorte oppretta heimesider for Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Ålesund Spelemannslag, UL Ivar Aasen, Jostedalen Spel- og Dansarlag, Hordaland Folkemusikklag, samt ny side for Landsfestivalen. Informasjonsavdelinga har også utvikla og drifta nettstedet til Folkelarm i meldingsåret.

Fleire nye lag ynskjer no å overføre og opprette nye sider, og dette vil verte prioritert i 2011.

Andre informasjonsoppgåver

Dei tilsette på informasjonsfeltet har vore delaktige i organisasjonen sine arrangement og prosjekt gjennom å gje hjelp og assistanse på informasjonsfaglege oppgåver. I tillegg yter dei tilsette på informasjon hjelp med statistikk og dokumentasjonsbank, utvikling av kappleiksprogram, grafisk formgjeving, fotografering og fotoarkiv, samt med rådgjeving på søknadsarbeid.

FORMIDLING

FORMIDLING - UTØVAR OG ARENA

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil ivareta og styrke utøvarane sine kunstnarlege, faglege og økonomiske interesser ved å

- arbeidet for gode og fleksible tilskotsordningar og andre støttetiltak
- drive Norsk Folkemusikkformidling
- jobbe for internasjonalisering av folkemusikk og folkedans
- arrangere bransjetreffet Folkelarm og dele ut Folkelarmprisen
- delta i lanseringsprogrammet Intro-folk
- drive norsk folkemusikkatalog
- auka profesjonalisering av folkemusikken og folkedansen gjennom kompetansehevande tiltak for utøvarar
- arbeide med tiltak som fremmar etablering av management/bookingbyrå innanfor sjangeren
- arbeidet for å styrke utøvarane sine opphavsrettar til eigne verk

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil drive og vidareutvikle gode arenaer for presentasjon av folkemusikk og folkedans ved å:

- styrke arrangørkompetansen i organisasjonen gjennom samarbeid med relevante institusjonar
- arrangere Landskappleiken og Landsfestivalen og vidareutvikle desse arrangementa
- drifte og vidareutvikle Folkemusikkscena til eit nettverk med faste arrangørar
- samarbeide med regionale kompetansesenter for rytmisk musikk og sjå på organiserings- og samarbeidsmodellar for dei ulike institusjonane og prosjekta
- medverke aktivt til at Riksscenen skal nå sine mål og vere ein sentral formidlingsarena nasjonalt og internasjonalt



LANDSKAPPLEIK & LANDSFESTIVAL

Landskappleiken vart i år arrangert på Voss med Voss spelemannslag som lokalarrangør, og arrangementet gjekk av stabelen 23. – 27. juni. Landsfestivalen i gamaldans vart arrangert på Nordfjordeid med lokalarrangørane Eid Spelemannslag, Spelemannslaget Fjelljom, Nordbygda Spel og dansarlag og Vindfylla Spel og dansarlag, 14. – 18. juli.

Lokalarrangørane fekk ein spesiell start på året då hovudansvarleg i sentralleddet Magnar Sundt gjekk bort i januar. Marit Vestrum vart tilsett som prosjektmedarbeidar for Landskappleik og Landsfestival frå 22. mars 2010.

FolkOrg fekk i 2010 eit nytt tevlingsreglement som er felles for Landskappleiken (LK) og Landsfestivalen i gamaldansmusikk (LF). Reglementet bygger stort sett på dei tidlegare reglementa, men har no teke med inhabilitetsreglane og fått ei ny presisering av ansvarsfordelinga mellom sentral- og lokal arrangør.

Nettbasert kappleiksprogram

Det er gjort berre mindre endringar i påmeldingsdelen og ein starta på nokre endringar i etterbehandlingsdelen (m.a. i listeutvalet). FolkOrg kom ikkje i mål med dette. Programmet fungerer i dag stort sett bra ved påmelding, men det er ein del problem ved bruk av etterbehandlingsdelen. Landskappleiken og Landsfestivalen bestemte seg for ikkje å bruke etterbehandlingsdelen, mens ein del mindre kappleikar har teke den i bruk.

Arrangørhandbok for LK og LF

FolkOrg har i 2010 ikkje hatt kapasitet til å gjere noko med arrangørhandbøkene. Dei er ikkje revidert sidan 2007, og ein har i løpet av 2010 sett at det er særns naudsynt at dette blir gjort i løpet av 2011.

Nord10 (Nordisk kappleik)

Nord10 er eit årleg folkemusikktreff/tevling med representantar frå Noreg, Sverige, Finland og Danmark. I år gikk det av stabelen i Sälen 19. – 21. nov. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom dei nordiske folkemusikk- og folkedansorganisasjonane, og FolkOrg plukkar ut kandidatar frå Landskappleiken og Landsfestivalen.

Kandidatar 2010

Soloklassen: Inge Gjevne, durspel
Per Anders Buen Garnås, hardingfele.
Gruppe: Kvedarkvintetten
Syvers Orkester
Spelemannslag: Mukampen spelmannslag
Gudbrandsdølenes spelemannslag

> For resultat sjå <http://www.nord09.com>

BILETE: To glade vinnarar. Sigurd Johan Heide og Anne Berit Heide vann kongepokalen i klassa dans fele klasse A. Foto: Eivind Kaasin



Håkon Høgemo i ukjent positur i framsyninga "Jakstart med felebyte" med folkemusikaren Sigrid Moldestad og progamleiar og komikar Linda Eide. Foto: Eivind Kaasin

LANDSKAPPLEIKEN

VOSS | 23. - 27. juni

Deltaking

Det var til saman 429 startnummer og vel 1200 enkeltdeltakarar. Landskappleiken på Oppdal hadde like mange startnummer, men 100 færre enkeltdeltakarar. Differansen skuldast truleg fleire deltakarar i lagspel, gruppespel og lagdans i 2010. Samanliknar ein med toppåret 2005 var det 120 færre startnummer.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2010 sett opp i klassen for dans til fele, og vart vunne av Anne Berit Heide og Sigurd Johan Heide frå Sinnsykt Bra Alternativ.

> For andre vinnarar og resultatliste, sjå: www.folkemusikk.no

Fureprisen

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremme av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk, skal i fire år dele ut prisar til unge folke-musikkarar i Noreg. FolkOrg og Landskappleiken fekk i oppdrag å forvalte og dele ut desse prisane.

Furestiftelsen sette med det opp ein pris på kr. 50.000 til ein utøvar under 25 år innanfor musikklassane. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale lagt til meisterkonserten. Samstundes kunne vinnarane av C – klassane vinne kr. 10.000. FolkOrg sette opp same pris for vinnarar i C – danseklassane.

Ingebjørg H. Bratland vann hovudprisen, for dei andre vinnarane sjå: www.folkemusikk.no

Kultur- og konsertprogram

- Opningskonsert med Liv Bernoft Osa m.fl
- "Jaktstart med felebyte" med Linda Eide og Sigrid Moldestad
- Framsyninga "Frå Ole Bull til Sigbjørn Bernoft Osa"
- Intimkonsert med Leif Rygg
- "Då Osa var liten" med Liv Bernoft Osa, strykarar frå Voss kulturskule, Steinar Rygg og Helga Hjetland
- Born spelar for born
- Konsertar på Torget og i Voss Ungdomshall
- Plateslepp med Grappa LUDO
- Meisterkonsert
- Utillingar: Sveinung Iversen / Jubileumsutstilling Lars Osa 150 år/ Salsutstilling (Linda Lid og Astrid Lirhus)

Evaluering av Landskappleiken

Voss var ein flott arena å arrangere Landskappleiken på. Korte avstandar, fleire ulike salar og ein hall. Det var dessutan mange overnattingsplassar nært festivalarenaen. Alt dette samt ein stor innsats frå Voss spelemannslag gjorde at Landskappleiken 2010 vart eit flott arrangement. Det var bra med folk og eit godt økonomisk resultat.



Per Anders Buen Garnås gjekk av med sigeren i hardingfele klasse A. Foto: Eivind Kaasin



Unge spirer frå Voss Spelemannslag i aksjon under opningskonserten. Foto: Eivind Kaasin



Lausdansaren Sigbjørn Rua vann finalen i Laus kl. A. Foto: Eivind Kaasin



Indre Sunnfjord Spelemannslag med musikalsk leiar Sigmund Eikaas i front. Foto: Eivind Kaasin



BILETE: Rikke Von Ommeren vann solo durspel/trekks-
pel, senior på Landsfestivalen i Nordfjordeid.
Foto: Lene Furuli

LANDSFESTIVALEN FOR GAMMALDANSMUSIKK

NORDFJORDEID | 14. - 18. juli

Deltaking

Det var 529 deltakarar og 88 startnummer på Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2010. Samanlikna med 2008 (Skjåk) som hadde 466 deltakarar og 117 startnummer, var det fleire deltakarar og færre startnummer. Det syner mange deltakarar i lagspel, gruppespel og open klasse.

> For vinnarar og resultatliste, sjå www.folkemusikk.no

Kultur- og konsertprogram

- Opning og CD-slepp med Eid spelemannslag, Nordbygda spel- og dansarlag, Vindfylla spel- og dansarlag og spelemannslaget Fjelljom
- Gatespel og speling på institusjonar
- Kurs i runddans
- Konsert med Fylkesmusikarane; Sigmund Eikås og Vidar Underseth. I tillegg Øyvind Lyslo og Arne M. Sølvberg
- CD-slepp med Helge Hysjulien & vener.
- Nordfjordkveld med Bla: Draup, Jon Tolaas, beatboksing og folkesong av ungdommar frå Hornindal, dansarar frå Stryn, Linda Gytri, Miriam Bergset og Roy Aron Myklebust og Arne Sølvberg
- Konsert med Sigrid Moldestad m/ vener
- Hamborgartevling (dans)
- Meisterkonsert

Evaluering av Landsfestivalen

Trass ein del innspel om lite publikum og deltaking etter landsfestivalen 2010, ser ein at den var bra besøkt. Rekneskapet er ikkje ferdig i skrivande stund, men ein trur at overskotet vil vere på om lag kr 500.000. Det har også vore ein del innspel på at ein treng å fornye landsfestivalen. Ein del av gamaldansmiljøet arrangerte eit seminar på Lillehammer i september som resulterte i eit skriv med forslag til endringar.



Syvers Orkester gjekk av med sigeren på Landsfestivalen. Foto: Lene Furuli



Mukampen Spelemannslag. Foto: Lene Furuli



Arne M. Sølvberg i festivalmodus. Foto: Lene Furuli



Sør-Fron Spelemannslag. Foto: Lene Furuli



FOLKELARM

OSLO | 9. - 12. september

Folkelarm vart arrangert for sjette gong 9. - 12. september 2010 på Riksscenen i Oslo. FolkOrg eig og driv Folkelarm. Arrangementet har showcasekonsertar med nordiske folke-musikarar. Folkelarm samlar eit bredt lag av norsk bransje, internasjonale musikkbransjeaktørar, og eit stort publikum. Folkelarm har også seminar og eigne arrangement tilrettelagt for bransjeaktørar. I 2010 hadde Folkelarm et slik innhald:

- 39 ordinære showcasar (26 norske, 8 finske og 5 svenske)
- 2 showcasekonsertar berre for internasjonale delegatar (norske artistar)
- 6 solokonsertar (norske artistar)
- 2 samarbeidskonsertar med Riksscenen og festivalen Ultima
- 86 norske delegatar
- 30 internasjonale delegatar
- Utdeling av Folkelarmprisen 2010
- Offisiell opning av Riksscenen
- Omvising på Riksscenen og Øvingshotellet
- Seminar "Folkemusikken og konsertscenene" i tre delar
- Lounge-seminar
- Stands og tilrettelagt mingleområde for delegatar
- Utflukt med lunsj på Grefsenkollen for internasjonale- og utvalde norske delegatar

Det kom mange positive tilbakemeldingar frå både artistar og publikum på årets arrangement. Folkelarm fekk mykje presseomtale, kommunikasjonen med artistane var god, og det tekniske produksjonsapparatet fungerte godt. I tillegg hadde Folkelarm 2010 eit vellukka samarbeid med Music Export Norway om program for oppfølging av dei internasjonale delegatane.

Opninga av Riksscenen sette preg på årets Folkelarm. Først og fremst som ei flott scene sentralt i Oslo, og ein god heim for Folkelarm. Salane og det tekniske apparatet fungerte godt, og artistane var særst nøgde med forholda. Det ga heilt klart ei god atmosfære å samle heile arrangementet i eit hus.

Folkelarm er ei viktig plattform for nordisk bransje, og er med på å profesjonalisere feltet og rekruttere nye aktørar til bransjen. Folkelarm er også ein viktig marknadsplass og eit utstillingsvindaug for artistane. Folkelarm søker å tilpasse forma på arrangement etter innspel frå artistar, delegatar, publikum og bransjen elles. Erfaringane frå 2010 er såleis nyttige i det vidare arbeidet med å skape ein felles fagleg møteplass for bransjen innan folkemusikk og -dans i Norden.



Folkelarmartistar 2010

Årets 24 folkelarmartistar vart valde ut med utgangspunkt i 120 innsende søknader. Liste over artistar som spelte på Folkelarm 2010 finn du på www.folkelarm.no.

Folkelarmprisen

For sjette gong vart Folkelarmprisen (Norwegian Folk Music Award) delt ut. Sigrid Moldestad frå Breim i Sogn og Fjordane vart kåra til Årets Folkemusikar 2010.

>> *Dei andre prisvinnarane finn du på www.folkelarm.no.*

Seminar

Tema for årets seminar var utfordringar og moglegheiter for turnerande folkemusikkartistar i Noreg. Den norskspråklege delen av seminaret fekk tittelen "Folkemusikken og konsertscenene". Deltakinga og engasjementet rundt seminaret var stort, og på eit seminar i regi av Austnorsk folkemusikksenter vart temaet teke opp att.

Seminarprogrammet inneheldt også ein engelskspråkleg del, der Jo Frost (redaktør i musikkmagasinet Songlines), Maarten Rovers (RASA Center for World Culture) og Guttorm Andreassen hadde innlegg retta mot artistar, internasjonale delagar og publikum.

Samarbeidspartnarar

Riksscenen, Music Export Norway, MIC, Førdefestivalen, Motorfinger, Øvingshotellet, Ultima, MFO, RFOD (SE), Folkemusikkens fællessekretariat (DK), Fimic (FIN).

Folkelarm fekk økonomisk stønad frå Norsk Kulturråd, Nordisk kulturfond, Utanriksdepartementet, FFUK, MFO, Gramo og Oslo Kommune.

BILETE: Magnus Stinnerbom i Outhouse Allstars skapa liv og røre under deira konsert på Folkelarm. Foto Eivind Kaasin

A musician with a large, curly afro hairstyle is playing a violin on a stage. The musician is wearing a dark, sleeveless top and dark pants. The stage is lit with vibrant purple, blue, and red lights, creating a dramatic atmosphere. In the background, a drum set is partially visible. The text "NORSK FOLKEMUSIKK-FORMIDLING" is overlaid on the image in a bold, white, italicized font.

***NORSK
FOLKEMUSIKK-
FORMIDLING***

Norsk folkemusikkformidling (NFF) har som føremål å gjere norsk folkemusikk og folkedans kjent og etterspurt nasjonalt og internasjonalt. Desse prosjekta vart gjennomført i 2010:

Showcase Scotland /Spotlight Norway

28.-31.januar 2010

Showcase Scotland er eit eksportretta bransje arrangement som primært syner skotsk musikk. Kvart år inviterer dei ein internasjonal partner som får høve til å presentere sine artistar for det same publikumet. I 2010 var Norge internasjonal partner og Unni Boksasp Ensemble, Synnøve S Bjørset, Skaidi, Majorstuen, Gjermund Larsen Trio og Valkyrien Allstars representerte Norge under fana Spotlight Norway. Prosjektet var eit samarbeid mellom NFF, Music Export Norway, Den norske ambassaden i London, og med økonomisk stønad frå Norsk Kulturråd, MIC, FFUK og Sogn og Fjordane fylkeskommune. 24 norske bransjedelegater var representerte på Showcase Scotland i tillegg til 19 musikarar.

Satsinga Spotlight Norway ga gode resultat for dei utvalde artistane, og norsk folkemusikk generelt. Artistane vart gjort synlege for internasjonal bransje og fekk medieeksponering i britisk presse og media. Prosjektet har dessutan ført til auka interesse for norsk folkemusikk i Storbritannia.

Norwegian Tapas

Belgia februar 2011

I samarbeid med Tournee Mondial, eit kulturhusnettverk i Belgia, har NFF arrangert "Norwegian Tapas" ein gong tidlegare – i 2009. Norwegian Tapas er eit turnekonsept der norske folkemusikarar turnerer belgiske kulturhus. Etter suksessen i 2009, arbeidde vi gjennom 2010 mot ein ny slik turné i 2011.

Førdefestivalen (pressetur)

Norge, 5.-11.juli 2010

NFF deltok på Førdefestivalen som guide for ei organisert utflukt med internasjonal presse- og bransjeaktørar, og som delegat på sjølve festivalen. FolkOrg var dessutan medarrangør/sponsor for ei mottaking for internasjonale delegatar.

Norwegian Panorama

Polen/Norge, heile 2010

Norwegian Panorama var eit samarbeidsprosjekt mellom Norge og Polen og kom til som eit samarbeid mellom NFF, Førdefestivalen og Baltic Sea Cultural Center i Gdansk, Polen. Prosjektsamarbeidet utløyste eit tilskott på 700.000 NOK frå EEA Grants, eit Kulturutvekslingsfond finansiert av norske EØS-midlar.

NFF var prosjektleiar på norsk side i samarbeid med Førdefestivalen. Kjernen i prosjektet var eit samarbeid mellom to

folkemusikkgrupper; norske Tindra og polske Kroke. Dei to gruppene øvde inn eit felles repertoar og spela saman på Førdefestivalen og på festivalen Sound of the North i Gdansk. Tindra/Kroke vart godt mottekne og har booka fleire spelejobbar for våren 2011. Dei skal dessutan gje ut felles plate. Festivalen Sound of North presenterte også norsk folkemusikk i form av seminar og folkedans-workshop som ein del av Norwegian Panorama prosjektet.

Womex 2010

Danmark 27.-31.oktober 2010

Bransjetreffet Womex er lagt til København i åra 2010 - 2012. Trond Stenseth Moe deltok som delegat og representant for Folkelarm og FolkOrg.

Ollin Kan (Nordic Week)

Mexico, 20.-24.april 2010

Det skulle vere ei eiga "Nordic Week" under verdsmusikkfestivalen Ollin Kan, med dei norske artistane Frikar, Valkyrien Allstars og Elisabeth Vatn ensemble. NFF var kontaktledd mellom festivalen og artistane, og hadde eit samarbeid med den norske ambassaden i Mexiaco. Nordic Week vart diverre avlyst på grunn av askesky over Island.

By:larm 2010

Oslo, 18.-20.februar 2010

NFF var til stades som delegat for å representere sjangeren, og samarbeida med Riksscenen om promotering av norske folkemusikkartistar.

Samarbeid med Polen

heile 2010

Det har i løpet av 2010 vore fleire polske prosjekt som søkte støtte frå EEA Grants, og som ønska FolkOrg som norsk partner. FolkOrg og NFF var positive til to av desse søknadane, men det vart ikkje innvilga stønad.

Silje Førland Erdal hadde prosjektleiaransvaret for Norsk folkemusikkformidling fram til ho gjekk ut i barselpermisjon 23.03.2010. Trond Stenseth Moe vart engasjert som vikar frå 15.03.2010, og vart frå 1.4.2010 gitt prosjektleiaransvar for Folkelarm. NFF og Folkelarm har dermed vore administrert på ei 100 % stilling frå denne datoen, mot 100 % + 60 % tidlegare. NFF sette difor ikkje i gong nye prosjekt i 2010.

BILETE: Valkyrien Allstars var ei av gruppene som spelte under paraplyen "Spotlight Norway" på bransjetreffet Showcase Scotland i januar. Her frå konsert på ABC Theatre i Glasgow. Foto: Eivind Kaasin



FOLKEMUSIKKSCENA

Folkemusikkscena har i meldingsåret lagt fire turnear med til saman 25 konsertar. Prosjektleiar i Folkemusikkscena Asgaut Bakken var ansvarleg for prosjektet t.o.m. juni i meldingsåret. Marit Vestrum tok over arbeidet med dei avsluttande turneane på hausten. I mars gjorde styret i FolkOrg følgjande vedtak om folkemusikkscena:

"Vri organisasjonen sitt arbeid vekk frå å vere ein bransjeaktør til å fokusere på tiltak som stimulerer til aktivitet ute i miljøet. Dette inneber m.a. å avslutte arbeidet med eigen turnéverksemd. Organisasjonen bør prioritere rådgjeving og tiltak som støttar opp om lokale arrangørar sin aktivitet og eventuelt andre turnéleggjarar."

FolkOrg gjekk med dette vekk frå arbeidet med å legge turnear. Organisasjonen var i meldingsåret i fleire møte med Norsk Kulturråd om tilskotet til Folkemusikkscena, og tilskotet vart redusert frå 780 000,- i 2009 til berre 80 000,- i meldingsåret. Administrasjonen har sendt inn klage på vedtaket og det vil verte handsama på nytt.

Turnear vår

Bruce Molsky, Annbjørg Lien og Ånon Egeland
5 konsertar i Sandefjord, Bø, Oslo, Voss og Bergen.

Susanne Lundeng
8 konsertar i Bø, Utne, Bergen, Farsund, Trondheim, Steinkjer, Tromsø, og Målselv.

Turnear haust

Sver
7 konsertar i Voss, Ål, Oslo, Bergen, Målselv, Trondheim og Røros.

Jan Beitohaugen Granli
5 konsertar i Aurland, Stryn, Førde, Valdres og Oslo.



Forprosjekt – kartlegging av folkemusikkscener i Norge

Etter avviklinga av Folkemusikkscena er folkemusikkscenene rundt i landet avhengig av kunnskap og samarbeidspartnarar for å kunne oppretthalde og vidareutvikle sin aktivitet. Ein treng også eit apparat som hjelper nye folkemusikkscener i gong. FolkOrg har sendt ein søknad til Norsk kulturråd om stønad til eit forprosjekt med følgjande arbeidsoppgåver:

- Kartlegging av eksisterande og tidlegare scener i nettverket "Den norske folkemusikkscena", og deira aktivitet, kapasitet og behov
- Arbeid for å rekruttere nye arrangørar frå lokallag for å få funksjonelle turnéruiter, og auke aktiviteten i dei ulike regionane
- Arbeid for å finne suksessfaktorar i folkemusikkarrangement og eigenarten i presentasjonen
- Utarbeiding av samarbeidsmodellar med relevante samarbeidspartnarar
- Ein handlingsplan for vidareføring av prosjektet

OVER: Flygeblad for turneane i regi av Folkemusikkscena våren 2010. Design: Eivind Kaasin

BILETE: Sver var ute på ein lengre turné hausten 2010. Det var den siste turneen i regi av Folkemusikkscena. Foto: Staffan Jofjell.

TRADISJON OG OPPLÆRING

TRADISJON OG OPPLÆRING

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil fremje det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane ved å prioritere:

- tiltak som sikrar kunnskapsformidling på alle nivå
- å bidra til at lokal tradisjonsoverføring har gode rammevilkår
- å bidra til at forskning og større utdanningsprosjekt vert sikra løyvingar
- å bidra til at utdanning innanfor instrumentmaking vert sikra
- tradisjonsseminar/dommarseminar i samarbeid med arkiv og andre faginstitusjonar
- utvikling av informasjons- og skoleringsmateriell om folkemusikk og folkedans på nett og på trykk, der folkemusikken vert presentert og problematisert ut frå ulike perspektiv
- arbeide for eit system der tradisjonsberarar får kompensasjon for bruk av ikkje-verna, tradisjonell folkemusikk

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil fremje aktive miljø i lokallaga og leggje til rette for opplæring i folkemusikk og folkedans ved å prioritere:

- å bidra til at arbeidet for barn og unge held fram
- omsyn til barn og unge sine ønske og behov på dei store arrangementa
- det å koordinere sommarkursa og utvikle modellar som sikrar auka tilskot og felles marknadsføring
- vidareutvikling av nettsidene for unge brukarar og aktivt bruke dei sosiale arenaene på Internett
- arbeidet for å få god norsk deltaking på internasjonale kurs og arrangement
- deltaking i tildeling av Øivind Berghs Minnepris
- å støtte arbeidet til Bygda dansar og liknande prosjekt
- arbeidet for økonomisk støtte til barne- og ungdomsarbeid, og fordele Frifond-midlar
- å arbeide for at lokale lag samarbeider med kulturskulane om opplæring i folkemusikk og folkedans, og for kompetanseoverføring mellom lag for å auke slikt samarbeid

Fokus på born og unge under Landskappleiken og Landsfestivalen

Tradisjonen tru vart det arrangert C- og juniorklasser for born og unge mellom 13 og 18 år både på Landskappleiken og Landsfestivalen. Det har kome ynskje om at C- og juniorklassane skal få tilbake poengsummar. Saka har vore handsama, og styret i FolkOrg har vedteke at frå 2011 skal C- og juniorklassane ha poengsummar att.

FolkOrg og Landskappleiken fekk i oppgåve å forvalte pengepremiar frå Fureprisstiftelsen på kr. 10.000 til vinnarar av c-klassane, og kr. 50.000 til ein utøvar under 26 år. Dette gjaldt berre musikklassane, så FolkOrg sette opp kr. 10.000 til vinnarar av c – klassane i dans. Utøvarane måtte vere på eit høgt nivå for å få tildelt prisane.

Under Landskappleiken vart det arrangert ein uformell konsert "Born Spelar for born" for dei yngste borna. Borna fekk premie etter konserten i form av noko "kaldt og godt".

Landsfestivalen hadde ikkje noko arrangement for dei yngste borna. I løpet av hausten 2010, har fokus på born og unge vore ein viktig del av planlegginga av Landsfestivalen 2011.

Nytt dommarskjema i Vokal musikk

FolkOrg og kvedarforum arrangerte eit kvedarseminar 21. februar 2010 der stil var eitt sentralt tema. FolkOrg vart oppmoda om å revidere dommarskjema i vokal folkemusikk. Styret i FolkOrg valde å sette ned ei arbeidsgruppe med mandat til å lage eit utkast til nytt dommarskjema. Arbeidsgruppa vart sett saman av Solbjørg Tveiten, Ingrid Gjertsen, Kari Lønnestad og Stian Roland. Følgjande endringar er gjort i skjemaet:

- Den folkelege songstilen skal ligge til grunn for døminga
- Endringar i omgrepa innanfor musikalsk innhald og teknisk dugleik
- Rettleiingsteksten er gjort kortare og mindre detaljert

Arbeidsgruppa kom med framlegg om utkast til eit nytt dommarskjema til FolkOrg, som sende utkastet til høyring hos Kvedarforum. Det vart òg lagt ut på www.folkemusikk.no for innspel. Det nye skjemaet var prøvd ut på fleire kappleikar hausten 2010.

Øivind Berghs Minnepris

FolkOrg deltok i utdelinga av minneprisen saman med Peer Gynt AS. Prisen gjekk i år til hardingfelespelar Alexander Aga Røystrand (20 år) og er på 25 000,-. Prisen vart delt ut søndag 1. august under årets Per Gynt-stemnet på Vinstra.

Frifond-midlar

Det vart i meldingsåret fordelt Frifond-midlar til 37 ulike medlemslag. Totalt vart det delt ut 418 100 kr. Tildelingsliste finn du på www.folkemusikk.no.

Utviklingsprosjekt – lokalt kulturtilbod til born og unge

FolkOrg oppmoda i 2010 lokallag til å søkje midlar frå utdanningsdirektoratet til prosjekt der ein har fokus på samarbeidsmodellar for opplæring mellom lokallag og kulturskolen. Fleire folkemusikkprosjekt fekk tilskot. FolkOrg vil i neste runde bidra med å arrangere samlingar for dei ansvarlege for desse prosjekta og ta ansvar for erfaringsutveksling mellom desse. Målet er å på sikt få opp modellar som kan nyttast i andre fylke og kommunar.

FolkOrg har vore i dialog om eit samarbeid med NU, som også har søkt midlar til liknande prosjekt innafor opplæring i folkedans.

Arbeidsgruppe for opphavsrett og tradisjonsberarfond

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som skulle arbeide med opphavsrett og tradisjonsberarfond. Medlemer i gruppa har vore: Åshild Vetrhus (leiar) og Jan Lothe Eriksen. Eivind Kaasin var sekretær for gruppa. Gruppa har hatt to møte, men administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å halde fram med arbeidet i 2010.

Cioff

FolkOrg har ei avtale med Noregs Ungdomslag som administrerer CIOFF Noreg, den norske avdelinga i CIOFF - netverket. Det vil seie at vi får informasjon frå utanlandske festivalar, folkedansgrupper og sektorar i CIOFF. Vidare kan lokallag i FolkOrg få informasjon om og hjelp til å reise til CIOFF-festivalar i utlandet.

ORGANISASJON

ORGANISASJON

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil utvikle organisasjonen og yte gode tenester til medlemmer, lokallag og særslag ved å prioritere:

- *å gje råd og rettleiing til medlemmer og medlemslaga*
- *å sikre god flyt av informasjon og kompetanseutvikling i organisasjonen ved m.a. å arrangere møte og seminar for utøvarar, lagsleiarar, musikalske leiarar og medlemslag*
- *etablering av effektive ordningar for handtering av internkommunikasjon, medlemskap og flyt av informasjon*
- *å drive Norsk folkemusikkfond*
- *å utvikle planverktøy som gjer at organisasjonen kan arbeide målretta, og nytte menneskelege og økonomiske ressursar til beste for føremålet*

Medlemssystem

Organisasjonen har sidan starten arbeidd med å etablere eit nytt medlemssystem. I vår vart arbeidet med å velje leverandørar sett i gang. Ei gruppe frå administrasjonen vart sett ned og hadde i meldingsåret møte med fleire ulike leverandørar. I samband med val av nytt medlemssystem har Olaug Nesheim vore leigd inn som rådgjevar. FolkOrg bestemte seg til slutt for Styreweb som leverandør av nytt medlemssystem. Ein har no overført informasjon frå dei gamle systema, og i løpet av 2011 vil ein kunne sende ut abonnements- og medlemsgiroar med det nye systemet.

Norsk folkemusikkfond

Dette er eit frittstående fond på sida av FolkOrg, der FolkOrg og NRK er eigarar. Det vart i år løyva 76 000,- til totalt 15 ulike søkarar.

> For fullstendig liste med tildelingar, sjå: www.folkemusikk.no

Arbeidsgruppe for vedtekter og namn

På bakgrunn av signal frå årsmøtet i FolkOrg i 2009 vart det satt ned ei arbeidsgruppe som skulle arbeide med vedtekter og namn. Medlemmer i gruppa var: Nils Øyvind Bergset (leiar/sekretær), Bjørn Lien og Eli Storbekken. Gruppa har levert rapport til styret, og den vart brukt som bakgrunn for framlegg til vedtektsendingar og nytt namn for organisasjonen til Årsmøtet 2010.

Arbeidsgruppe for utøvarane sin posisjon i organisasjonen

På bakgrunn av signal frå årsmøtet i FolkOrg i 2009 vart det satt ned ei arbeidsgruppe som skulle arbeide med utøvarane sin posisjon i organisasjonen. Medlemmer i gruppa har vore; Solbjørg Tveiten (leiar), Aslak Brimi, og Tellef Kvifte. Anne Hytta var sekretær for gruppa. Gruppa har levert rapport til styret og på bakgrunn av den vart det oppretta eit interimsstyre for eit yrkesutøvarforum. I interimstyret sit Britt Pernille Frøholm, Vegard Vårdal og Bjørn Kåre Odde.

”Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfold, egenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

www.folkemusikk.no



FOLKORG

- organisasjon for folkemusikk og folkedans

Postadresse:
FolkOrg
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

Besøksadresse:
Vis à vis Herslebs gate 2c.

Nett: www.folkemusikk.no
E-post: post@folkemusikk.no
TLF: 22 00 56 22